



## KONTROLLUTVALET I FORSAND PROTOKOLL

<b>Utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtenr.:</b>	<b>Møtedato:</b> 08. juni 2010	<b>Utvallssaksnr.:</b> 11/10 - 14/10
<b>Innkalt:</b> Torstein Haukalid Grethe Johansen Odd Arne Ingvaldstad	<b>Forfall:</b>		
Andre som var tilstades: Frå kommunen møtte: Rådmann Terje Nysted og økonomileiar Ellen H. Larsen møtte til sak 11 og var òg tilstades under handsaminga av byggjerekneskapane. Frå Rogaland Revisjon IKS møtte: Tore Kristensen. Frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat møtte: Per Kåre Vatland			

**Innkallinga vart godkjent utan merknader.**

**Protokollen frå møte 19. april 2010 ble godkjent utan merknader.**

### **11/10 Kommunens tertialrapportering 30.04.2010**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek Tertialrapport 2010 – Rekneskap til orientering

### **12/10 Budsjettoppfølgning kontroll og tilsyn pr 30.04.10**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek budsjettoppfølgning kontroll og tilsyn pr 30.04.10 til etterretning.

## 13/10 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet gjekk gjennom prioriteringane og vart samde om å endre på rekkefølga. Det prosjekt som står for tur: "Kommunen sine retningslinjer i tråd med regelverket", bør flyttast nedover på lista. Kontrollutvalet ser at prosjektet vert vanskeleg å avgrense og konkretisere. Vidare ser ein at dei statlege tilsyna går òg delvis inn på dette området. Kontrollutvalet konkludert derfor med å flytte dette prosjektet etter dei to neste på lista.

Dette inneber at kontrollutvalet flyttar prosjekta "Styringssystem" og "Innkjøp til drift og investeringar" opp som dei to første prosjekta som kontrollutvalet vil bestille.

Kontrollutvalet sette fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet endrar prioriteringane i planen som følgjer:
  - i. Styringssystem – korleis vert kommunen styrt og leda gjennom system for innrapportering, styringssignal ut og med resultatmåling
  - ii. Innkjøp til drift og investeringar – overhald kommunen regelverket
  - iii. Kommunen sine retningslinjer i tråd med regelverk
2. Oppdatert plan vert send kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å gjere desse endringane.

### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet endrar prioriteringane i planen, slik at dei vert som følgjer:
  - i. Styringssystem – korleis vert kommunen styrt og leda gjennom system for innrapportering, styringssignal ut og med resultatmåling
  - ii. Innkjøp til drift og investeringar – overhald kommunen regelverket
  - iii. Kommunen sine retningslinjer i tråd med regelverk
2. Oppdatert plan vert send kommunestyret til orientering.

## 14/10 Oversikt over status prosjekter og kontroller

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek oversikt over status prosjekter og kontrollar – juni 2010 til orientering.

## 15/10 Byggjerekneskapar: Barnehagen og Bergekrossen - Infrastruktur

Byggeregnskapa. Barnehagen og Bergekrossen - infrastruktur vart delt ut i møtet. Saken skal handsamast i kommunestyret sitt møtet 15.06.10. Rådmannen orienterte om rekneskapa

Det var sette fram følgjande forslag til vedtak: Kontrollutvalet vidaresender rekneskapa til kommunestyret utan realitetshandsaming.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK:

Kontrollutvalet vidaresender rekneskapa til kommunestyret utan realitetshandsaming.

### MELDINGAR

**Periode: 19. april 2010 - 08. juni 2010**

**Nr. Referatsakstittel**

6/10	Til informasjon - Arbeidsutvalet
7/10	Kapellet i Lysebotn - Allmannamøtet
8/10	Kapellet i Lysebotn
9/10	Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2009
10/10	Utskrift møtebok kommunestyret sak 30/10 - Årsrapport 2009 skatterekneskapan
11/10	Vedtak i kommunestyret 27.04.10 årsrekneskap og årsmelding 2009
12/10	Vedtak i kommunestyret 27.04.10 - Årsrekneskap og årsmelding 2009

Meldingane ble tatt til orientering

### EVENTUELT

1. Byggeregnskapa. Barnehagen og Bergekrossen – Infrastruktur: Sjå ny sak 15

### Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet